

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 2

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Årdal

Emne: Transport av høy

Bygdelag: Kyrkjebøen

Oppskr. av: Johannes Vadla

Gard: Klokkargarden

(adresse): Årdal i Ryfylke

G.nr. 10 Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1) Ein brukar same måten på større som på mindre gardar i fall dei har hest. Der dei ikkje har hest, ber dei det inn. Husmannsplassar finns ikkje i bygda. Ein slår ikkje lenger i utmarka, "skrabelått" (ein, av skrap) som ein kallar det her. Ein slutta med skrabelåtten for ein 10-15 år sia, einkilde har halde på noke lenger. Det var kulturbeitet som gjorde at dei slutta med dette. Gardane i utkanten av bygda har halde på lenger enn dei meir sentrale gardane - heilt til dei siste åra. Nede i flatbygda enten ber dei høyet inn, eller dreg det inn på handkjerre, på ulende fjellgardar ber dei det.

2) Høystakk og utløer har ikkje vore brukt på ein 60-70 år. Høyet blir helst hesja, ein byrja med hesjing for ca. 30 år sia. Før den tida turka ein høyet på vollen. Høyet blir enten bore eller køyrt fram til hesjene. Hesjene blir oppsette etterkvart der dei trengs og nedtekne att straks høyet er frakta inn. Ein har alltid bruka høygaffel til å bera høyet fram til hesjene med. Der høyet blir bore inn, brukte og brukar ein framleis tog, "børsvolk" eller "topp" har ikkje vore i bruk her. Høybøra blir laga på den måten at ein fester heglå (ei) på midten av "børatoget" (eit), slik at toget blir lagt ~~dobbel~~ dobbelt. Høyet blir så lagt på toget i "fegjer" (d.v.s. så mykje høy ein kunne få tak i ved hjelp av høyriva) for det meste 4 fengjer. Hjelparen plaserer seg så på

2  
den sida av bœra der heglå er, bœraren på hi sida.

toget blir smøygd i heglå nedanfrå og opp. Bœraren og

hjelparen tek så kvar sin togende - "fatle"(eit) - og

knepper; så set bœraren seg ned smøygjer armene under

fatlene ~~xxx kjekj xx~~ og reiser seg med hjelp. Hjelparen

står altså heile tida bak bœra. Borna var og med på

høyinga. Høysekk blei ofte bruka, han var bunden som ei ~~xxxxxxxx~~

grov not av tjukt hampesnøre. Ein brukte høysekk når det

var svært kort høy som skulle inn. Ein stappa først i

sekk og lesste sekkene på sleden. Løypestreng blei ikkje

bruka, heller ikkje kipe("kjiba")blei bruka til å bœra

høy til smalen om vinteren). Trillebør eller bære blir

heller ikkje bruka, heller ikkje noken annan fraktemåte.

3) Utmarkslåttene låg så nær gardane at vinterkøyring ~~ikkj~~

ikkje var aktuellt anna enn på dei øvste gardane for ein

60 - 70 år attende. Då blei høyet drege heim frå heia-

slåttene på kjelke om vinteren.

4) Ein brukar langkjerre, "Langsle'" kallar ein det her.

Langsle'en, eller høysle'en er tohjula, lengda er 6 al-

ner og breidda 1 al og 8 tommar. Det ein her kallar

"hjulsle'" har hjul på midten og "dråg" framme. Ein

brukte ikkje skoning på meiane på "hjulsle'en". Det var

ulovleg å kjøre med meiar på bygdevegen utan på snøføre.

Det blei brukt vanleg arbeidslede med grind på til høy-

og kornkjøring. Høygrinda var av tre, før i tida brukte

ein grindar på sidene, 2-3 fot høge. På langsleden er

det tregrindar heilt rundt, litt høgare framme og bak.

Storleiken på høylasset er litt ulik ettersom høyet er

tungt eller lett, grovt eller smått - ca. 250 kg. Ein

kjenner ingen serleg regel for det siste lasset slik

som nemnt. Ein var alltid nøye med å ta "itteraksteren"

(ein) vel.

~~xxxxx~~ Lasset blei fest, knept, med høytong.

Til høytong bruka ein ei smal, avlang grind med to

remar oml.  $2\frac{1}{2}$  tomme breie og 1 tomme tjukk, grinda var oml. 3 alner lang og oml. 12 tommar brei. I fremste enden var det hol til toget, i attarste endén var det to tappar til å knyta i. Toget, som dei bind lasset med, heiter "kneppetog"(eit), å festa lasset med tog heiter å kneppa, eller kneppa lasset. Hovold kallar vi "heglå", det var ingen forskjell til vanleg bårdatog og kneppen men sume bruka tjukkare vyrke i kneppetoget. Ein brukte berre ein hest for høylasset.

Spørsmål 5 fell ut då dei ikkje hadde fellesslått eller heiaslått.

Spørsmål 6 fell og ut.

NORSK Etnol  
 adr. NORSK FOLKEMUSEUM  
 BYGDØY

42